



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Utval for plan teknikk og næring	26.10.2021	120/21
Kommunestyret	01.11.2021	130/21

Saksansvarleg: Elin Blütecher

Arkiv: PLANID-04582021,  
PLANTYPE-35, FA-L12, GBN-  
9/106

Arkivsaknr.: 21/1157

## Reguleringsendring for Lifjelltoppen- 2. gongs behandling

### Kommunedirektørens innstilling:

Reguleringsendring for Lifjelltoppen planID 04\_58\_2021 vert endeleg godkjent jf. plan og bygningslova § 12-12.

### 01.11.2021 Kommunestyret

#### Behandling:

Tillegg fra kommunedirektøren:

*Kommunedirektørens innstilling: Reguleringsendring for Lifjelltoppen planID 04\_58\_2021 vert endeleg godkjent jf. plan og bygningslova § 12-12 med følgjene endringar:*

*- Plankart, føresegner og planomtala blir oppdatera i tråd med vedtatte endringar.*

Innstillinga fra PTN med tillegg fra kommunedirektøren ble vedtatt med 28 mot 1 stemme.

#### KS- 130/21Vedtak:

Reguleringsendring for Lifjelltoppen planID 04\_58\_2021 vert endeleg godkjent jf. plan og bygningslova § 12-12 med følgjene endringar:

*- Plankart, føresegner og planomtala blir oppdatera i tråd med vedtatte endringar.*

### 26.10.2021 Utval for plan teknikk og næring

#### Behandling:

Innstillinga ble entemmig vedtatt.

#### PTN- 120/21Vedtak:

Reguleringsendring for Liffjelltoppen planID 04\_58\_2021 vert endeleg godkjent jf. plan og bygningslova § 12-12.

**Bakgrunn for saka:**

Sweco Norge As fremjar på vegne av Liffjell Utvikling AS forslag til reguleringsendring for Liffjelltoppen planID 04\_58\_2017. Endringa vil få ny planID 04\_58\_2021.

Formål med planen er å legge til rette for ein endring av tomtestrukturen i tilhøve til gjeldande plan med ein reduksjon av talet på tomter. Utval for plan, teknikk og næring vedtok i møte 24.08 21 sak 102/21 å legge planendringa ut til offentleg ettersyn.

Planen har vore ute til offentleg ettersyn i perioden 30.08.21-28.09.21 og det har kome tre merknader til endringa (sjå vedlegg). Vedlagt følgjer plankart, føresegner, planomtale, innkomne merknader samt relevante dokumentar i saka.

**Saksomtale:**

Innkomne merknader:

1. Statsforvalteren i Vestfold og Telemark  
Fagavdelingane til Statsforvalteren finn at reguleringsforslaget ikkje kjem i konflikt med interesser dei er sette til å ivareta og har difor ingen merknader til planendringa.

Kommunedirektørens kommentar

*Merknaden tas til orientering.*

2. Vestfold og Telemark fylkeskommune

Fylkeskommunen syner til at det etter endringsforslaget ikkje vil røre ved deira regionale fagansvar og har difor ingen kommentarar til offentleg ettersyn.

Kommunedirektørens kommentar

*Merknaden tas til orientering.*

3. Trond og Åse Li Eriksen  
Syner til stor trafikkbelastning på Skv1 og foreslår at det blir opna for inn og utkøyring ved tomt 26/27.  
Eriksen peikar vidare på at dei ønsker at Skv2 opnast for gjennomkøyring over Auo2 for å minske trafikkbelastninga på Skv1.


Kommunedirektørens kommentar

*Endring av reguleringsplan for Liffjelltoppen ble vedtatt i 2018. Det blei i planarbeidet den gong sett på fleire løysningar for atkomstveg, og atkomstvegene Skv1 og Skv2 slik dei no ligg er lagt på grunnlag av vurderingane i tidlegare planarbeid.*

Kommunedirektøren kan ikkje sjå at det vil vere hensiktsmessig med ein endring av atkomst til Skv7 slik Eriksen syner til.

Skv7 stopper ved tomt 26 på bakgrunn av trase for skiløype som kryssar vegen i området her. Ved tomtegrense mellom tomt 26 og Skv7 er det også noko bratt og terrenget egner seg ikkje for atkomstveg for Skv7.

Kommunedirektøren viser vidare til at det endringsforslaget no legg opp til færre einingar enn det som føreligg i gjeldande plan, og trafikkbelastninga vil difor vere noko mindre med foreslått endring.



Kartutsnitt 1: Område ved Skv7 og tomt 26

Når det gjeld punktet om gjennomkøyringsveg for Skv2 ved Aou2 ligg dette området utanfor endringsforslaget det no søkast om. Men kommunedirektøren kan også her vise til at området for Aou2 er tatt inn i planen på bakgrunn av vurderingar i tidlegare plan. Aou2 er saman med Skv4 ein samanhengande tilkomst til terrenget rundt planområdet.

### Konklusjon

Endring av reguleringsplan for Lifjelltoppen bør vedtas i tråd med plan- og bygningslova § 12-12. Saka skal deretter leggst fram for kommunestyret for endeleg godkjenning.

### Vedlegg:

12.10.2021	Vedlegg 1_ Plankart _reguleringsendring	1439020
12.10.2021	Vedlegg 2_ Føresegner	1439021
12.10.2021	Vedlegg 3_Planbeskrivelse	1439022
12.10.2021	Vedlegg 4_Plan og snitt	1439023
12.10.2021	Vedlegg 5_ROS-hendelse	1439024
24.09.2021	Innspill reguleringsplan Lifjelltoppen	1436391
23.09.2021	Uttale til offentleg ettersyn - reguleringsendring for Lifjelltoppen - bnr 9/538 og 9/106 - Midt-Telemark kommune - planid 04-58-2017	1436142
21.09.2021	Uttale - Reguleringsforslag - Midt-Telemark - 9/538 - 9/106 - Lifjelltoppen - reguleringsplan - planid 04 58	1435780

21.09.2021 2017 Offentleg ettersyn- reguleringsendring for Lifjelltoppen 1431672

**Parter:**

Lifjell Utvikling AS  
Stettin, Alexander